

FOLKETALET I ÅMLI FØR OG NÅ.

Den fyrste teljinga av folk i Åmli var i 1665. Då var det bare menn over 12 år som var med. Denne var usikker då mykje av hensikten var å få oversikt over antal soldatar, og ein del unnaluring var vel truleg. I 1769 var det for fyrste gong oppteljing av alle. Dette skjedde i kyrkjene, og for Åmli blei talet 1304.

(Mykland som låg til Åmli prestegjeld er her trekt i frå. Mykland låg til Åmli kommune til 1875.) Fyrste folketeljing frå hus til hus var i 1801. Frå 1815 var det folketeljing kvart 10. år fram til 1875. Frå 1890 alle år som sluttar på 0. (Untatt 1940, det blei 1946 i staden på grunn av krigen.)


Den sterke aukinga av folketetalet 1800 – 1850 kjem truleg av at poteta blei vanleg då. Den vidare aukinga fram til 1910 skyldast m.a. betre helse og mindre barnedødlighet. Tilbakegangen etter 1910 kjem mest av at ved overgang til lønsarbeid har det ikkje vore nok slikt arbeid å få i Åmli. I den seinare tid har òg åmliungdom utdanna seg til yrke Åmli ikkje har.


Tovdal som var eigen kommune i 1908 – 1967, og Gjøvdal 1908 – 1960, er i denne perioden lagt saman med Åmli.

Her kjem ein komplett oversikt:

| | | |
|------------|------------|------------|
| 1769: 1304 | 1875: 2316 | 1960: 2381 |
| 1801: 1470 | 1890: 2564 | 1970: 2134 |
| 1815: 1627 | 1900: 2788 | 1980: 2173 |
| 1825: 1701 | 1910: 3003 | 1990: 1999 |
| 1835: 1933 | 1920: 2700 | 2000: 1862 |
| 1845: 2098 | 1930: 2724 | |
| 1855: 2073 | 1946: 2579 | |
| 1865: 2128 | 1950: 2539 | |

Meir om temaet:
Digitalarkivet.uib.no





OPPGÅVER TIL FOLKETALET I ÅMLI FØR OG NÅ.

1. Kvifor er den fyrste folketeljinga i Åmli usikker?
2. Når blei den fyrste pålitlege folketeljinga i Åmli halden?
3. Nemn årsaker til at folketalet vaks.
4. Nemn årsaker til at folketalet minka.
5. Når var folketalet i Åmli på det høgste?
6. Prøv å finn ut kor mange personar det var vanleg å vere i eit hus for 100 år sidan.
7. Sök på **digitalarkivet.uib.no** på internett. Finn ei av folketellingane i Åmli. Har du familie herifrå søker du på dei, dersom ikkje vel ein tilfeldig familie og sjå kor mange opplysingar ein kan finne.

